



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 Bergen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/3814 - 17/3567

Saksbehandlar:

Per Sveinar Morsund

Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:

06.02.2017

Oversending av søknad til uttale gbnr 83/1 Spjotøy

Saka gjeld søknad om oppføring av nytt naust som erstatning for eksisterande naust, samt oppgradering av kaiområde med utfylling mot sjø. Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet og byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø. Nytt naust vil være noko større enn eksisterande naust og det er òg søkt om dispensasjon for utfylling/planering av område rundt naustet. Storleik på utvidelse og utfylling går fram av kart og skisse vedlagt søknaden. Naboar er varsla og det ligg ikkje føre merknader frå naboar.

Planstatus

Eigedommen er omfatta av kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden og er avsett til LNF-føremål. Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremålet i plan.

Det ligg ikkje føre byggegrense mot sjø og tiltaket krev difor dispensasjon frå § 1-8 i plan- og bygningslova.

VURDERING

Dispensasjon

Kommunen har ikkje teke endeleg stilling til søknaden og vil legge vurderingar frå fylkesmannen med tanke på strandsonevernet og vurderingar frå planavdelinga i forhold til arealføremålet til grunn for det endelege vedtaket.

Når det gjeld tiltaket vert det vist til at det allereie er eit etablert naust på staden og at tiltaket omfattar naudsynt oppgradering av eksisterande forhold på staden.

Plassering

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø



Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM





Omfang av omsøkt naust og utfylling av terreng går fram av vedlagt kart og skisse som er vedlagt.

Opprinneleg søknad om dispensasjon er lagt ved oversending til uttale

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon for oppføring av nytt naust og oppgradering av kai - gbnr 83/1 Spjotøy
Nabovarsel
Kart og skisse

Kopi til:

Frøydis Ones
Kjartan Nyhammar

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN
Landbruksavdelinga			